



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Giske kommune

Tilsynsdato: 08.12.2016

Rapportdato: 09.01.2017

Innhald

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVUDINNTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	AVVIK	7
3.2	MERKNADER	8
4	VIDARE OPPFØLGING	9

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	24.05.2016 (formøte) 08.12.2016 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Rådhuset, Valderhaug 4, 6050 VALDERØY
Kommunenummer:	1532
Kontaktperson i kommunen:	Henrik Wang
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Mogstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	12.12.2016
Endeleg tilsynsrapport sendt:	23.01.2017
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	08.03.2017

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Giske kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den ein-skilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2016.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Styringsdokument for beredskap 2016	17.11.2016
2.	Heilskapleg ROS-analyse	21.01.2014
3.	Beredskapsplan 2017 – 18	17.11.2016
4.	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014 – 2016	30.09.2014
5.	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2009 – 2020	22.09.2009
6.	Beredskapsplan mot akutt forureining for Giske kommune	20.09.2012
7.	Beredskapsplan mot akutt forureining for Sunnmøre	01.03.2006
8.	Leiaravtale – Giske kommune – blanco	Ikkje datert
9.	Referat frå møte i beredskapsleiinga 25.11.2016 med vedlegg	25.11.2016
10.	Referat frå møte i beredskapsleiinga 13.05.2016	13.05.2016
11.	Referat frå møte i Giske beredskapsråd 18.03.2015	18.03.2015
12.	Evaluering etter Øving Fårikål 2016	24.10.2016

1.5 Gjennomføring

Formøte med Giske kommune vart gjennomført 24.05.2016. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 08.12.2016. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Harry Valderhaug	Ordførar	X	X	X	X
Marit Elisabeth Larsen	Rådmann	X	X	X	X
Sindre Røsvik	Ass. rådmann	X	X		X
Henrik Wang	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Lene Bjørlo Overå	Kommunalsjef		X		X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudintrykk

Gjennom tilsynet finn Fylkesmannen at dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet står fram som gjennomtenkt, godt forankra og godt tilpassa lokale behov.

Vi ser at kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som deltek i øvingar, og som også har takla reelle hendingar dei seinare åra. Vi finn dokumentasjon på at dei evaluerer i etterkant av øvingar/hendingar, men vi saknar eit tydeligare system som sikrar at ein systematisk evaluerar øvingar og hendingar jf. krav i forskrifta. Dette for å vere trygg på at ein tar med seg læring til vidare arbeid. Kommunen har hatt møter både i kriseleiinga og beredskapsrådet siste par åra, og rutine for faste møter går fram av årshjulet.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2014, og ser ut til å vere eit grundig arbeid. Mange hendingar er analysert, og det har vore brei deltaking i arbeidet. Analysen er likevel ikkje lett å sette seg inn, i det formatet den vart sendt til oss. Vi vil oppmode kommunen sterkt om å jobbe vidare for å formidle innhaldet i sjølve analysen, slik at det er mogleg å finne kva som er dei største risikoelementa i kommunen, kva prioriteringar ein bør gjere og med ein oppføljande handlingsplan. I tillegg er ikkje analysen heilt tilpassa forskriftskrava og manglar ei hendingsuavhengig vurdering av kommunen sin evne til å takle ekstraordinære situasjonar.

Vi ser at kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i forankra på strategisk nivå gjennom kommunestyrevedtak av heilskapleg ROS analyse, kommunens beredskapsplan og styringsdokument for beredskap i 2016. Styringsdokumentet gir ein god oversikt over korleis kommunen skal arbeide (og arbeider) med samfunnstryggleik og beredskap. I kommunen sin beredskapsplan er det eit kapittel som omhandlar korleis kommunen skal arbeide med samfunnstryggleik og beredskap i heile organisasjonen. Som de sjølv skriv høyrer dette kapittelet best heime i kommuneplanens samfunnsdel, men kan og takast inn kommunens planstrategi som skal rullerast no.

Beredskapsplanen er oppdatert i november 2016, og er eit ryddig planverk over dei grunnleggande oppgåvene til kriseleiinga. Kommunen nyttar CIM som verkty for å systematisere beredskapsplanverket, og her ligg også varslingslister, ressursoversikter og tiltakskort for dei mest aktuelle hendingane.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik. Tre forhold er kommentert som merknader.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Giske kommune sin heilskapelege ROS analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 litra e.

Utdjupande kommentar:

Den heilskapelege risiko- og sårbarheitsanalysen er den viktigaste berejnelken i den kommunale beredskapsplikta. Analysen manglar ei hendingsuavhengig vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde eigen drift ved uønska hendingar.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

ROS analysen er laga i kvalitetssystemet i kommunen, som har eit eige verkty for ROS som er tilgjengeleg for kommunens tilsette. Utskrift av analysen er ikkje egna for å kunne sette seg inn i kva risikoelement ein faktisk har vurdert i dei ulike analysane. Konsekvenskategoriane er viktige som utgangspunkt for prioritering av oppføljande tiltak, og det kjem ikkje fram av ROS analysen kva type konsekvens som er dimensjonerande for den enkelte analyse. Vi meiner kommunen må beskrive resultatane frå dei ulike analysane betre, for å kunne ha verdi for andre enn dei som var med i prosessen. Og ein bør sette saman resultatane slik at det er mogleg å finne kva som er dei største risikoelementa i kommunen. Planen bør vise prioritering av kva tiltak som kan vere aktuelle å sette i verk, med ein oppføljande handlingsplan.

Merknad nr. 2

Fylkesmannen ser at kommunen har evaluert enkelte hendingar, men vi saknar dokumentasjon på eit system som sikrar at dette blir følgt opp på ein systematisk måte. Dette høyrer kanskje best heime i styringsdokument for beredskap.

System for opplæring er tynt beskrive i dokumentasjonen. Kommunen bør beskrive korleis dei som har ei rolle i krisehandtering skal få opplæring, med konkrete tiltak og ansvar for gjennomføring i Styringsdokument for beredskap. Relevante aktivitetar kan også leggest inn i årshjulet.

Merknad nr. 3

Kommunen bør vurdere å styrke plan for krisekommunikasjon med tydeligare beskriving av korleis kommunen skal informere sine egne tilsette ved kriser og uønska hendingar.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419